



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Rapportering i samband med årsoppgjeret for 2018 og endringar i ORBOF- rapporteringa

RUNDSKRIV:

6/2018

DATO:

20.12.2018

RUNDSKRIVET GJELD FOR:

Bankar

Kredittføretak

Finansieringsføretak

Filialar (NUF) av utanlandske bankar,
kreditt- og finansieringsføretak

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

Innleiing

Den offentlege rekneskapsrapporteringa (ORBOF) er eit samarbeid mellom Finanstilsynet, Noregs Bank og Statistisk sentralbyrå. Rapporteringa dannar grunnlag for tilsyn med finansføretaka og finansmarknadene. Den er ei viktig kjelde for kredittindikator, nasjonal- og utanriksrekneskap og offisiell statistikk, og gir underlag for økonomisk politikk. Tala blir òg nytta ved internasjonal rapportering til Bank for International Settlements (BIS), Eurostat, Det internasjonale valutafondet (IMF), Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) etc.

Dette rundskrivet er utarbeidd av Finanstilsynet i samarbeid med Statistisk sentralbyrå. Det omhandlar rapportering i samband med årsoppgjeret for 2018 og andre endringar og presiseringar knytte til ORBOF-rapporteringa.

For årsrekneskapen gjeld lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap mv. (rekneskapslova) og forskrift 16. desember 1998 nr. 1240 om årsregnskap m.m. for banker, finansieringsforetak og morselskap for slike (årsrekneskapsforskrifta).

Årsrapportering i ORBOF

Etter omlegginga av ORBOF-rapporteringa f.o.m. januar 2018, skal dei tidlegare årsrapportane, rapport 20, 50, 51 og 60, ikkje lenger leverast.

I staden for rapport 20 og rapport 50, er det gjort endringar i balanse- og resultatrekneskapsrapportane, rapport 10 og rapport 21, for å få med utbytte, kapitaltransaksjonar etc. når årsoppgjeret er ferdig. Balanse- og resultatrekneskapsrapportane skal òg oppdaterast dersom det blir gjort andre vesentlege endringar mellom delårs- og årsrekneskapen, slik at dei kan avstemmast mot føretaka sine offentlege årsrekneskapar.

Informasjon som tidlegare blei rapportert i rapport 51, skal nå rapporterast i rapport 12 for fjerde kvartal, og informasjonen som var i rapport 60, inngår nå i den nye rapport 13 ved årsslutt. Det må presiserast at endringar i rapport 10 og 21 som påverkar rapport 12 og/eller 13, medfører at også desse rapportane må korrigerast.

Tidsfristane for årsrapporteringa

Rapport 10 og rapport 21 for fjerde kvartal har frist **20. januar 2019**. Rapport 12 og 13 har frist **20. og 30. januar 2019**. Føretaka skal, dersom det er endringar, oppdatere rapport 10, 21, 12 og 13 etter at endeleg årsrekneskap er ferdig, seinast **31. mars 2019**.

Detaljert informasjon om årsrapporteringa er beskrive i kapittel 4 og tabell 1 og 2 i rettleiinga til ORBOF-rapporteringa, som er tilgjengeleg på nettstaden til Statistisk sentralbyrå, <https://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/orbof>.

Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsmelding m.m.

Alle bankar, kredittføretak og finansieringsføretak skal sende inn årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding så snart årsrekneskapen for 2018 er vedteken av styret, seinast innan **31. mars 2019**.

Dokumenta som er nemnde over, skal sendast i PDF-format til rapporteringF2@finanstilsynet.no og s290fifo@ssb.no.

Dersom det etter generalforsamlinga blir vesentlege endringar i årsrekneskapen, må føretaket sende ny versjon av årsrekneskapen til Statistisk sentralbyrå og Finanstilsynet.

Etter § 2-9 i årsrekneskapsforskrifta skal årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga, etter fastsetting av årsrekneskapen, utan unødig opphald offentleggjerast på institusjonen sin nettstad på Internett.

Delårsrekneskap

Det er ikkje krav om at delårsrekneskapane skal sendast til Finanstilsynet, men § 9-4 i årsrekneskapsforskrifta krev at delårsrekneskapen skal bli vedteken av institusjonen sitt styre innan 45 dagar etter at rekneskapsperioden er slutt, og at delårsrekneskapen skal offentleggjerast på nettstaden til institusjonen. For dei som følger årsrekneskapsforskrifta, skal delårsrekneskapa kunne avstemmast mot ORBOF på eit overordna nivå.

Rapporteringsplikt for filialar (NUF) av utanlandske bankar, kreditt- og finansieringsføretak i Noreg

I samsvar med finanstilsynslova § 4 skal filialane utarbeide og sende inn rapportar som mellom anna inneheld opplysningar til statistisk bruk om verksemda i Noreg.

Detaljert informasjon om årsrapporteringa er beskrive i kapittel 4 og tabell 1 og 2 i rettleiinga til ORBOF-rapporteringa, som er tilgjengeleg på nettstaden til Statistisk sentralbyrå, <https://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/orbof>.

Årsrapporten for filialen og for føretaket som filialen er ein del av, skal sendast i PDF-format til rapporteringF2@finanstilsynet.no og s290fifo@ssb.no.

Samanheng mellom ORBOF og offisiell rekneskap

Bankar og finansføretak som utarbeider rekneskap etter årsrekneskapsforskrifta, må sjå til at rekneskapen følgjer oppstillinga i gjeldande forskrift. For føretak som nyttar IFRS, er ikkje dette eit krav. Dokumentet som viser linken mellom ORBOF-rapporteringa og rekneskapsoppstillinga i årsrekneskapsforskrifta, finst på nettstaden til Statistisk sentralbyrå, som det er vist til over. Den nye ORBOF-rapporteringa er i stor grad bygd etter forslaget til ny årsrekneskapsforskrift, og samanstilling mellom den gjeldande forskrifta og ORBOF kan

derfor for 2018 berre gjerast på hovudpostnivå.

Ny årsrekneskapsforskrift

Finanstilsynet utarbeidde på oppdrag frå Finansdepartementet eit høyringsnotat med forslag til forskriftsreglar for tilpassing av nasjonale rekneskapsreglar til IFRS for unoterte bankar, kredittføretak og finansieringsføretak.¹ Hovudelementet i forslaget er at IFRS, som eit utgangspunkt, bør gjelde fullt ut for unoterte bankar. Finanstilsynet foreslår i notatet at gjeldande krav til oppstillingsplanar blir halde ved lag med nødvendige justeringar som følge av krav i IFRS. Det blir foreslått at notekrava i IFRS i hovudsak blir gjort gjeldande.

Finansdepartementet har i brev til Finans Norge opplyst om at ei forskrift tidlegast vil bli gjort pliktig frå 1. januar 2020.

Andre endringar og presiseringar

Nye kodar i rapport 10 og 12 i samband med IFRS 16

Med innføringa av IFRS 16 frå 1. januar 2019, er det behov for nye kodar i ORBOF-rapporteringa:

Rapport 10:

5.96.00 Leierettigheter

7.89.80 Forpliktelser knyttet til leierettigheter

Rapport 12:

85.0.21.5.96.10 Kjøp/inngåelse, Leierettigheter, bygninger og fast eiendom

85.0.21.5.96.90 Kjøp/inngåelse, Leierettigheter, maskiner, inventar og transportmidler.

85.0.23.5.96.10 Salg/terminering, Leierettigheter, bygninger og fast eiendom

85.0.23.5.96.90 Salg/terminering, Leierettigheter, maskiner, inventar og transportmidler

Dei nye kodane blir gjort gjeldande for rapportørar som nyttar IFRS frå 1. januar 2019. For andre føretak blir kodane først gjort gjeldande når ny årsrekneskapsforskrift blir tatt i bruk.

Rapportering av misleghaldne lån

I rapporteringa av misleghaldne engasjement skal kode 17.0.41.0.01 berre nyttast for engasjement som er meir enn 90 dagar etter forfall / i overtrekk. For andre misleghaldne engasjement, definert ut frå kapitalkravsforakrafta §10-1, skal føretaka nytte kode 17.0.41.0.02.

Merk at porteføljar av misleghaldne lån som eit føretak har teke over frå eit anna føretak, skal i alle rapportar i ORBOF-rapporteringa rapporterast som utlån og ikkje som fordringar.

Garanterte innskot

"Fullt dekkede innskudd" i post 65 i ORBOF R12 blir definert som innskot mindre eller lik 2 millionar norske kroner i kodane knytte til den norske innskotsgarantien, og mindre eller lik

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---utkast-til-tilpasning-av-regnskapsregler-til-ifrs-for-unoterte-institusjoner/id2591099/>

100 000 euro i kodane knytte til EU sin innskotsgaranti. Dette inneber at dersom ein innskytar har eit innskot på over 2 millionar norske kroner, eller 100 000 euro, skal dette innskotet ikkje takast med i kode 65.0.01.6.00.01/03 og 65.0.80.6.00.01/03. Dette innskotet vil i staden inngå i talet på innskytarar som ikkje er fullt dekte, på kode 65.0.80.6.00.02/04.

Rapporteringsmateriell

Oppdaterte kodelister og rettleiing til rapporteringa er tilgjengelege på nettstaden til Statistisk sentralbyrå, <https://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/orbof>. På den same nettsida ligg det òg eit notat som viser alle feilkontrollar som er knytte til rapporteringa.

Spørsmål kan rettast til den aktuelle verksemda ved kontaktpersonane under:

Finanstilsynet

Seksjon for analyse og rapportering

Gunnar Almklov / Kaia Solli

E-post: rapporteringF2@finansstilsynet.no

Tlf.: 22 93 98 00

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

Statistisk sentralbyrå

Seksjon for finansmarknadsstatistikk

E-post: s290fiffo@ssb.no

Tlf.: 21 09 00 00

Postboks 2633 St. Hanshaugen

0131 Oslo

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

POST@FINANSTILSYNET.NO

WWW.FINANSTILSYNET.NO